

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Vest RHF
Dato: 26.11.2008
Sakhandsamar: Ivar Eriksen
Saka gjeld: **Utbyggingsprosjekt i private ideelle institusjonar med avtale med Helse Vest RHF - fordeling av strategiske midlar**

Arkivsak
2005/560/321
Styresak 127/08 B

Styremøte 12.12. 2008

Bakgrunn:

Styret i Helse Vest behandla i møte 7. mai 2008, sak 042/08 Utbyggingsprosjekt i private ideelle institusjonar som har avtale med Helse Vest RHF. Styret gjorde følgjande vedtak i saka:

Ordninga med kapitaltilskot til dei institusjonane som Helse Vest RHF har avtale med innan somatikk og psykisk helsevern blir vidareført med følgjande presisering:

- 1. Hovuddelen av midlane blir fordelt til alle institusjonane basert på omsetning i samsvar med dagens ordning, med opptrapping til 2/3 nivå i 2009, slik det er avtalt med institusjonane. Det vil i 2009 utgjera 36,1 mill kr.*
- 2. Dei private institusjonane sin del av auka kapitaltilskot som utgjør 21 mill. kr, blir sett av som et strategisk element. Midlane skal nyttast til delfinansiering av investeringsprosjekt som Helse Vest RHF vurderer som viktige for tenester og aktivitetar som inngår i "sørgje for" ansvaret. Ved fleire prosjekt må det prioriterast mellom prosjekta.*
- 3. Midlar som ikkje blir nytta eit år fordi eit prosjekt ikkje er starta opp nyttast til avgrensa eingongsinvesteringar i vedlikehald, mindre ombyggingar eller til forskotering av utgifter knytt til utbyggingsprosjekt, eventuelt blir fordelt etter kapitaltilskotsmodellen (som i pkt 1).*

Saka blei følgd opp med eit brev frå Helse Vest RHF i juni 2008 til dei aktuelle private ideelle institusjonane. I brevet blei det gjort nærare greie for bruken av dei strategiske midlane, kriteria for val av prosjekt og kva prosess knytt til fordelinga av midlane.

Frist for å melde inn aktuelle prosjekt blei sett til 1. september 2008. Innan fristen blei det motteke søknadar frå seks institusjonar med ein samla total utbyggingskostnad på ca 882 mill kroner. Prosjektet "Nye Haraldsplass" er det største prosjektet og i søknaden var det opplyst at utbyggingskostnaden for dette prosjektet er på ca 550 mill kroner. Etter møte med Haraldsplass Diakonale Sjukehus er dette beløpet korrigert til 776,6 mill kroner. Det vil seie at samla total utbyggingskostnad er kome opp i ca 1109 mill kroner.

Prosjekta fordelar seg slik:

Institusjon	Prosjekt	Utbyggingskostnad	Søkt støtte for
Haugesund Sanitetsforenings Revmatismesykehus	Utbygging (nybygg)	175	0
	Rehabilitering (gml bygg)	135	10,8 pr år
Haraldsplass Diakonale Sjukehus	Ny operasjonsstue – første trinn i Nye Haraldsplass	776,6	(*)
	Ny sterilsentral		
	Ny parkering, samt fundamentering for pasienthotell og sengebygg		
	Pasienthotell		
	Nytt sengebygg		
	Ombygging gamal bygningsmasse, poliklinikk og sengeposter		
Olaviken	Investeringskostnadar 12 sjukehussenger på Askøy	37,5	37,5
	Finansiering av 12 senger Haraldsplass (årlege leiekostnader)	3	1,5
Bjørkeli	Rehabilitering aktivitetsbygget	8	5
Jæren DPS	Nytt undervisnings- og treningslokale	20	17
Betanien	Vaksenpsyk. Heildøgnspost	80	
	Vaksenpsyk. Poliklinikk/dagavdeling	52,1	
	Parkeringshus	7	
	Tomteverdi	14,5	
	Forprosjekt	5	
	Totalt prosjektkostnader	158,6	
	Totalt søkt midlar for	132,1	68

(*): HDS har for 2008 søkt om 21,1 mill kroner knytt til etablering av ny operasjonsstue, prosjektkostnader for "Nye Haraldsplass" 2005-2008 og prosjektering av ny sterilsentral og utviding av poliklinisk kapasitet.

Kommentarar:

Alle institusjonane har søkt om støtte til utbyggingsprosjekt som er vurdert som sentrale i ivaretakinga av "sørgje for"-ansvaret, og prosjekta er vurdert som viktige for dei tenester kvar ein skild av institusjonane skal levere etter avtale med Helse Vest RHF. Det er derfor ingen av prosjekta som bør bli avviste med den grunngjeving at dei fell utanfor "sørgje for"-ansvaret, ikkje er knytt til dei tenestene som skal leverast eller fordi prosjekta er fagleg sett uviktige.

Samtidig er det slik at investeringsønska overstig langt det Helse Vest RHF kan vere med å dekke, og det er heller ikkje mogleg for Helse Vest RHF å støtte alle prosjekta samtidig. Det er derfor nødvendig å gjere prioriteringar og sjå etter teknikkar som gjer oss i stand til å finne løysingar som i sum gjer det mogleg å få realisert alle prosjekta innanfor eit rimeleg tidsrom.

Dei innmelde prosjekta er av svært ulik økonomisk storleik. Det inneberer at dersom Helse Vest RHF vel å prioritere dei største prosjekta først, vil dei mindre prosjekta bli satt på vent i svært lang tid. Dette skyldast at dei større prosjekta nødvendigvis vil binde opp midlane over mange år. For dei mindre

prosjekta vil det vere slik at dei har ei relativt kort startstrekning frå det eventuelt blir gitt tilsagn om kapitaltilskot. Gode grunner taler derfor for at det kan vere fornuftig å løyse desse prosjekta innafor dei midlane som er tilgjengelege dei første åra for så å leggje eit meir langsiktig løp for dei større prosjekta.

Som eit sjølvstendig grunnlag for å prioritere dei minste prosjekta først kjem også at det for dei større prosjekta er behov for å gjere ei nærare vurdering av dimensjoneringsgrunnlaget for prosjekta. Dette gjer seg særleg gjeldande for Haraldsplass Diakonale Sjukehus (HDS) og Haugesund Sanitetsforenings Revmatismesjukehus (HSR).

Søknaden frå HDS inneheld mellom anna ein oppjustering av sengekapasiteten som det er nødvendig å gjere ein nærare gjennomgang og vurdering av. Dette må sjåast i samheng med utvikling av Haukeland Universitetssjukehus, og det vil vere naturleg at Helse Vest RHF som ei oppfølging av søknaden initierer og set i gang eit arbeid i 2009 som involverar både HDS, Helse Bergen HF, Helse Vest RHF og ekstern kompetanse for å sjå nærare på korleis heilskapen skal dimensjonerast. Med bakgrunn i dette arbeidet vil ein kunne gå i nærare dialog med HDS om ein tilpassa utbygging som også er realistisk med tanke på finansiering. For Helse Vest RHF vil det vere snakk om ein delfinansiering tilsvarande eit kapitaltilskot innafor totalramma på 21 mill kroner frå og med den tid prosjektet er ferdigstilt, eventuelt noko før.

Søknaden frå HSR er i utgangspunktet knytt til rehabilitering av eksisterande bygningsmasse. Samtidig har HSR planar for oppføring av eit nybygg til nytt rehabiliteringssenter i tilknytning til sjukehuset. Sjølv om det berre er søkt om støtte til det eine av desse prosjekta, er planane for dei to prosjekta så integrert i kvarande at dei ikkje kan vurderast isolert. Med omsyn til nybygget er det i møtet med Helse Vest RHF opplyst at dette prosjektet er tenkt finansiert gjennom aktivitet, og at det byggjer på ei føresetnad om ei avtale med Helse Vest RHF om levering av minimum 50 rehabiliteringssenger.

For begge delprosjekta knytt til HSR er det nødvendig med ytterlegare gjennomgang og vurderingar knytt til dimensjonering før ein kan ta endeleg stilling til prosjekta. I forhold til HSR vil det vere naturleg at det blir sett i verk to parallelle prosessar knytt til dimensjonering og kva tenester HSR på sikt skal levere. Prosessane må i tillegg til HSR og Helse Vest RHF også involvere Helse Fonna HF og Helse Stavanger HF. For rehabiliteringsdelen må ein både vurdere om Helse Vest RHF skal kjøpe slik tenester frå HSR, kva rehabiliteringstenester dette i tilfelle skal vere og korleis ein eventuelt skal gjere avtale om slikt kjøp. Det bør bli utarbeidd ein juridisk vurdering som seier noko om korleis ei eventuell avtale blir gjort i samsvar med lov og forskrift om offentlege innkjøp.

På tilsvarande måte som for HDS vil ein som del av dette arbeidet kunne gå i nærare dialog med HSR om ein tilpassa utbygging. Også for dette prosjektet vil det for Helse Vest RHF vere snakk om ein delfinansiering tilsvarande eit kapitaltilskot innafor totalramma på 21 mill kroner frå og med den tid prosjektet er ferdigstilt, eventuelt noko før.

Prosjektet frå NKS Olaviken alderspsykiatriske senter er saman med prosjekta frå Voss NKS Bjørkeli og Jæren DPS kategorisert som mindre prosjekt. For Olaviken sin del byggjer utbyggingsplanane mellom anna på ein flytting av deler av aktiviteten (12 senger) frå eksisterande institusjon på Askøy utanfor Bergen til lokale på Haraldsplass. Det betyr at prosjektet for Olaviken må sjåast i samheng med planane for Haraldsplass. Når det gjeld Olaviken vil det også vere naturleg å vurdere dette prosjektet i lys av pågåande utgreingar med omsyn til spesialisthelsetenester for eldre.

Søknaden frå Betanien gjeld dels vaksenpsykiarisk sengepost og dels nytt poliklinikkbygg. Det er stort behov for realisering av desse prosjekta, og Betanien har allereie sett i gang det første av desse prosjekta på eiga risiko. Også det andre delprosjektet er klart for realisering, men for å kunne kome i gang med denne utbygginga er det nødvendig å få på plass eventuell delfinansiering frå Helse Vest RHF. Etter drøftingar med Betanien legg ein til grunn at smertegrensa for nivå på støtte frå Helse Vest RHF ligg i størrelse ca 30 mill kroner.

Som det går fram ovanfor er prosjekta som Voss NKS Bjørkeli og Jæren DPS har søkt om støtte til prosjekter som ut frå talstørrelse er mindre prosjekt. Prosjektet på Voss gjeld rehabilitering av aktivitetsbygget. Rehabiliteringa er nødvendig for å kunne tilby pasientane eit rimelig tilbod i form av ein funksjonell aktivitetsavdeling, betre tilhøve for fysioterapeut og undervisningslokale for pasientar og pårørande. Helse Vest RHF har vore kjent med prosjekta over lang tid, og prosjekta framstår som ein sterk kandidat for tildeling av midlar nå.

Også prosjektet som Jæren DPS søker om midlar til har vore kjent over lang tid. Institusjonen har eit stort behov for nye undervisnings- og treningslokale. Eit slikt bygg med slike lokale samt nye kontor og møterom er ferdig prosjektert. Tomt for bygget er tilgjengeleg (eigd av Helse Vest RHF) og førehandsløyve til bygging er innhenta frå Time kommune.

Oppsummering

Med bakgrunn i ovannemnde anbefaler administrerande direktør å prioritere Jæren DPS og Bjørkeli for tildeling av strategiske midlar for 2008 i form av kontantfinansiering på høvesvis 16 mill kroner og 5 mill kroner.

Stiftelsen Betanien blir prioritert med tanke på tildeling for 2009 i form av kontantfinansiering på 21 mill kroner og yttarlegare finansiering i/frå 2010.

Det blir tidleg i 2009 starta opp ein prosess med Haraldsplass Diakonale Sykehus/Olaviken og ein prosess med Haugesund Sanitetsforenings Revmatismesykehus med tanke på avklaringar i tråd med saksførelegget med sikte på å leggje til rette for ein langsiktig delfinansiering tilsvarande eit kapitaltilskopt avgrensa opp mot kr 21 mill frå 2010/2011.

Forslag til vedtak:

1. Styret gir administrerande direktør fullmakt til å fordele midlane for 2008 og 2009 i tråd med saksførelegget.
2. Tildeling av midlane skal regulerast i avtale med kvar einskild institusjon.